



LEIK MED ROCKERING



LEIK MED ROCKERING

Hensikt

Gjennom leik med rockering vil barna øve på motoriske ferdigheiter knytt til koordinasjon og forflytning. I tillegg får barna vere kreative ved å utforske ulike måtar ein kan nytte rockeringen på.

Utstyr

Ein rockering per barn

Forklaring

Dømer på ulike oppgåver barna kan gjere med rockering:

- Kan du balansere på rockeringen når den ligg på bakken?
- Kan du springe rundt rockeringen?
- Kan du hoppe inn og baklengs ut av rockeringen?
- Kan du trille rockeringen og ha kappløp med den?
- Kan du bruke rockeringen som hoppetau?
- Kan du kaste rockeringen i lufta og ta den imot?
- Kan du trille rockeringen og prøve å krype igjennom mens den er i fart?
- Kan du snurre rockeringen rundt armen?
- Kan du snurre rockeringen rundt foten?
- Kan du kaste rockeringen rundt ei kjegle?
- Kan du nytte foten til å vippe opp rockeringen?
- Kan du ha ulike delar av kroppen inni rockeringen? Personalet seier t.d. to føter og ei hand, to hender og ein fot, ei panne ...

Variasjon

- Parøvingar med rockering
 - Kan de rulle rockeringen til kvarandre?
 - Kan de kaste rockeringen til kvarandre utan at den er i bakken?
 - Kan de trille rockeringen og prøve å hoppe igjennom ein gong kvar før den går i bakken?
 - Den eine står inni ringen, og den andre held ringen vassrett. Klarar de å flytte dykk rundt i rommet utan at den inni ringen kjem borti ringen?
 - Klarar de å halde rockeringen oppe frå bakken mellom kroppane dykkar?